


Var ein vikingr opphavelg ein 'deltakar på ei sjøferd prega av roarskifte'? I så fall var "viking" frå fyrst av ikkje knytt til nordiske sjøfararar, men fekk den tilknyttinga da skandinavane tok til å dominere på havet.

av Eldar Heide

Illustrasjon av Leidulf Olsrud



Kva kjem ordet "viking" av?

Kva ordet "viking" kjem av, er det mange som har spekulert på. Eg har i eit par vitskaplege artiklar argumentert for at ordet er frå før dei nordiske folka tok i bruk seglet, og at ordet kan forkklarast ut frå den gammalnordiske distanseininga på sjøen. Den heitte *vika* og var truleg opphavleg "distansen mellom to skifte av roarar". Det norrøne hokjønnsordet *viking* (som i uttrykket "å fara i viking") kan opphavleg ha vori ei "sjøferd prega av roarskifte", for det dreiar seg om lange ferder, og i roskipsalderen var roarskiftinga noko som skilde langferder frå andre båtferder. Ein *vikingr* (altså hankjønnsordet) har da opphavleg vori ein "deltakar på ei sjøferd prega av roarskifte". I så fall var "viking" frå fyrst av ikkje knytt til nordiske sjøfararar, men fekk den tilknyttinga da skandinavane tok til å dominere på havet.

Utgangspunktet for distanseininga *vika* er verbet "vike", og tanken bak er visst at den slitne roaren "vik" for den som avløyser han. Samtidig er *vika* same ordet som "veke" "sju dagar"; i begge tilfelle er tydinga eigentleg "skift": Ei "sjøveke" er distansen til eitt roarskift, og ei vanleg veke er perioden til eitt skift av vekedagsgudar – Odin har onsdagen, Tor har torsdagen, Frigg har fredagen, osv. Eg skal her gjera greie for roarskifteforklaringa og dei viktigaste tidlegare forklaringane.

Tidlegare forklaringar

Hankjønnsordet "viking", norrønt *vikingr*, har vorti forklart

på fleire måtar. Her nemner eg dei to som har hatt størst tilslutnad. "Viking" kjem av:

- Hokjønnsordet som på norrønt heitte *vík* og som tyder 'bukt'. Tanken er da at vikingane søkte hamn i viker når dei gjorde strandhogg, eller la seg på lur i viker og angreip handelsskip derifrå.
- "Vika" / "Viken", den norske Skagerrak-kysten, på norrønt *Vík(in)*. Tanken er da at "vikingar" opphavleg var ei nemning for folk derifrå, og så sekundært fekk tydinga "sjørørvar", "sjøkrigar", fordi folk frå *Vík(in)* spela ei spesielt viktig rolle i vikingtoga.

Begge desse forklaringane er svært problematiske. Med den fyrste er problemet at *alle* sjøfararar søker hamn i viker; dét er ikkje noko som kan ha særmerkt vikingane – snarare tvert imot. Kjeldene fortel at vikingane ofte slo seg til på nes og øyar, for dei var lettare å forsvare mot landhærar.

Med den andre forklaringa er det fleire problem. For det fyrste blir folk frå *Vík(in)* i norrøne kjelder kalla "vikværingar", aldri *vikingar*. For det andre er det ingen kjelder frå vikingtida eller mellomalderen, korkje frå Norden eller Europa elles, som knytter vikingane til den norske Skagerrak-kysten. For det tredje er det språkformelle problem med denne forklaringa.

Eit problem med begge forklaringane er at dei berre tek hank-

jønnsordet *vikingr* med i vurderinga, og ser bort frå hokjønnsordet *viking*. Men begge orda må forklarast. Etter alt å døme er hankjønnsordet avleidd av hokjønnsordet, for samhovet mellom dei ser ut til å svara til samhovet mellom norrøne ordpar som *velling* 'koking' og *vellingr* 'tynn graut', osb. Hankjønnsordet med konkret tyding er avleidd av hokjønnsordet, som er eit verbalsubstantiv med abstrakt tyding. Dette er det mange døme på, men det motsette er visst ukjent. Dette må forklaringa av "viking" ta omsyn til, og det gjer den vi no skal sjå på:

Roarskifteforklaringa

Minst fire personar har uavhengig kommi på å forklare "viking" ut frå distanseininga *vika*, som høyrer til same rota som verbet "vike". Ein har tenkt seg at "viking" er avleidd av hokjønnsordet *vika* og at tanken bak er roarskiftet – vikingane rodde på skift, og når dei avløyse kvarandre, kunne det heite at dei "veik" (for kvarandre) ved årene. Det viser seg at spørsmålet er meir komplisert enn som så.

Eit grunnleggande problem er at det har vorti reist tvil om distanseininga *vika* verkeleg har med roarskifte å gjera. Dét har eg derfor prøvd å vise. Det som står fast når det gjeld opphavet til *vika* er dette:

- Ordet må vera avleidd av den rota vi finn i verbet "vike".
- Distanseininga *vika* er formelt sett same ordet som norrønt *vika* "veke, sju dagar". Same ordet er kjent frå gotisk, i tydinga "tur (til å gjera teneste)", og gammalengelsk, i tydinga "embete, teneste" og "veke, sju dagar".

På bakgrunn av dette må vi rekonstruere ei urgermansk tyding av "veke" (*wikōn) som kan ha gjevi opphav til dei nemnde, seinare tydingane og som samtidig lét seg utleie frå verbet "vike". Mitt forslag er at kjernetydinga var 'skift'. Det gotiske ordet vart brukt om ein turnus av personar som avløyser kvarandre etter tur, altså eit skift. Det høver på det gammalengelske ordet òg, for eit embete er noko som går på omgang, altså som ein har på skift. Dessutan høver denne tydinga på "veke, sju dagar", for ei veke er ein turnus av veke-dagsgudar som avløyser kvarandre. Onsdag er "Odins dag", torsdag er "Tors dag", fredag er "Friggs dag", osb. Ikkje minst høver skift-forklaringa på gammalnordisk *vika* "distanseining på sjøen", slik dette ordet tradisjonelt har vorti forklart: Ei "sjøveke" er (opphavleg) avstanden mellom to skifte av roarar, altså så langt som eitt skift ror. Ei "sjøveke" er dermed eit "sjøskift".

Sist, men ikkje minst, høver turnus-forklaringa med verbet "vike", for kjernen i ideen "skift" er situasjonen der den som er ferdig med tenesta "vik" for nestemann (skifter med nestemann), altså trekker seg til sides og slepper til nestemann. På grunnlag av dette meiner eg det er solid grunn til å halde fast ved at ei *vika* på sjøen opphavleg var distansen som eitt skift rodde.

Men det er fleire problem. Eitt er at det er ulik vokallengd i *vika* og *viking(r)*. Dermed kan ikkje *viking* (og så *vikingr*) utleiest direkte frå *vika*. Dersom ein legg *-ing* til *vika*, så får ein **viking*, ikkje *viking*. På norrønt markerer aksenten over

í at vokalen er lang, medan han er kort når det ikkje er aksent over vokalen. **Viking* og *viking* ville vera like ulike ord som *hat* og *hatt* er for oss. Derfor har eg føreslått at *viking(r)* er avleidd av hokjønnsordet "vik" (norrønt *vík*), som vi kjenner i tydinga 'buk', men som opphavleg må ha hatt ei generell tyding nær verbet "vike", som ordet er avleidd av. (Ei vik er eigentleg ein stad der landet vik, altså trekker seg til sides.) Truleg var den tydinga "noko som vik, trekker seg til sides" eller 'det å vike, trekke seg til sides', altså: "tilsidetrekking". Av eit slikt "vik" kan hokjønnsordet "viking" i tydinga "(roar)skifting" vera avleidd.

Men rodde vikingane nok til at dette ville vera naturleg, altså i vikingtida? Det trur eg ikkje. Sjølv sagt kunne det bli lange periodar med roing i krigstid, for da gjaldt det liv eller død å slå til når det var strategisk, heller enn når det passa med børen. Men heile vikingtog var neppe så prega av roing at "(roar)skifting" ville vera ei naturleg standardnemninga for slike ferder. Regelen var jo at dei lange distansane vart tilbakelagde for segl. Når eg likevel trur på roarskifteforklaringa, så er det fordi ordet "viking" truleg er frå roskipsalderen, før seglet. På grunnlag av den forma "viking" har i gammalfrisisk, kan vi nemleg seia at ordet etter alt å døme fanst i det frisisk-engelske fellesspråket, før utvandringa til England frå midten av 400-talet, kanskje enda tidlegare. (Da fanst det nok i nordisk òg, men hos oss finn vi ikkje argument for så tidleg datering.) Det var før seglet.

Romarane hadde seglskip i Nordsjøen til 400-talet, men germanarane ved Nordsjø- og Austersjø-kysten brukte visst ikkje segl før tidlegast på 600-talet, av ein eller annan grunn. Germanarane som la under seg England på 400- og 500-talet, *rodde* altså over Nordsjøen (eller langs kysten) frå dagens Nederland, Nord-Tyskland og Jylland. Grovt rekna er desse distansane i gjennomsnitt noko slikt som Oslo – København (270 nm) eller mesta som Bergen – Trondheim (330 nm). Det er så langt at på dei fleste av desse ferdene må mannskapet ha sliti over årene i meir enn ei veke kvar veg. (Dei rodde nok ikkje med tom båt....) *Slike* ferder kunne det vera naturleg å omtala som "(roar)skifting".

Dagane har sjølv sagt vorti lange og einsformige, og avløy-singa frå slitet har rimelegvis vori det store lyspunktet. Dessutan må det ha vori *mange* skifte. I dei eldste norrøne kjeldene er ei *vika* gjennomsnittleg 8,3 km = 4,5 nautiske mil. På den tenkte gjennomsnittsdistansen som germanarane rodde til England – 270 nm – ville det da bli 60 *vikur* "skift". På ei ferd t.d. frå Danmark til Troms ville det bli over 300. Da går det an å tenkje seg at ein kunne seia ein skulle "fara på skifting" når ein skulle på ei slik ferd.

I så fall er språkbruken litt som når ein i Nord-Noreg i dag (og på Færøyane og Island) seier at ein skal ro (eller at ein "har vore roen"). I dei fleste situasjonar kan det berre tyde at ein skal ut og fiske. Roinga har i og for seg ingen ting med fiskekinga å gjera, men roinga dominerte inntrykket ein sat att med etter turen, for før motoren gjekk mesteparten av tida med til å ro ut til fiskeplassen og heim att.

Vi kan òg jamføre med at svenskane seier at dei "läser" når

dei studerer, til og med når det dreiar seg om eit praktisk studium. Forklaringa er sjølvsaagt at dei fleste studium blir dominerte av lesing, og dermed blir “studering” og “lesing” synonym. På same måten kan “å skifte” ha vorti synonymt med “å fara på langferd med båt” i ei tid da slike ferder var dominerte av roing og veksling mellom roarskift. Men ville det ikkje vori enda meir naturleg om “vikingferd” vart heitande “roing”? Det var det jo som dominerte langferdene mest? Ja, men alle båtferder var roing. Det som skilde *langferdene* frå andre båtferder var skiftinga.

Vikingskipsforskning og roing

Vikingskipsforskninga har alltid vori veldig orientert mot segling. Det er ikkje unaturleg, for skipa i vikingtida var seglskip. Skuldelev-skipa i Danmark, som det har vorti forska mest på dei siste tiåra, er dessutan frå slutten av vikingtida, da segl-teknologien heilt sikkert var kommen langt (like etter år 1000).

Da er det annleis med Osebergskipet, som er 200 år eldre; det er årringsdatert til 820, altså ganske nære roskipsalderen. Både skipa som er avbilda på dei eldste Gotlands-steinane, Sutton Hoo-skipet frå ikring 630, Kvalsundskipet frå slutten av 600-talet, og til og med Storhaugskipet og Grønhaugskipet frå Avaldsnes, som nettopp er årringsdaterte til 771 og noko etter 720, er rekna som roskip. Eg er uviss på grunnlaget for klassifiseringa når det gjeld dei to siste, og folk hadde heilt sikkert hjelpesegl til rom vind på slutten av roskipsalderen. Likevel er Osebergskipet det eldste klåre seglskipet vi kjenner i Norden.

Om vi no likevel seier at det fanst skip med segl som hovudframdrift frå ikring 700, så gjev ikkje det meir enn drygt 100 år fram til Osebergskipet. Da bør vi tru at Osebergskipet hadde ein ganske umogen rigg. Det kan i så fall stemme med segla vi ser på skipsbileta på dei Gotlands-steinane som er frå same perioden. Dei er tydelegvis låge, og breie i høve til høgda. (Proporsjonane på segla kan vi ikkje lesa beint ut av bileta, men korleis kan dei vera anna enn breie og låge

når det er opptil ti priarar i breidda og seglkreftene går rett ned i nevane på mannskapet gjennom dei, ikkje gjennom hals og skaut? Sjå drøftinga mi av dette i Heide 2006.) Hadde Osebergskipet slik rigg? Var det ikkje laga for kryssing? Var det eit overgangssteg mellom roskip og seglskip? At skroget er såpass breitt som det er, tyder på at det var mest seglskip, men kor mykje av oppfatninga vår kjem av at vi har seglbakgrunn, og kor mykje av skipet sjølv?

For å få betre føresetnader for å meine noko om desse tinga, burde vi gjera fleire forsøk med roskip. Vi burde ro langferder med kopiar av Nydamskipet og Kvalsundskipet. Det er mange ting å prøve å finne ut av: Er det plass til to heile skift i båtene? Eller var det ikkje folk nok til avløyning for alle kvar gong? Kor lenge klarer ein å halde det gåande med roing i to skift – vel og merke med mannskap som har trening i å ro den typen båt og som har trena opp musklar og nevar før turen? Kor sterk vind klarer ein å ro imot? Kor stor motsjø klarer ein å få framdrift i? Kor mykje nyttelast klarer ein å få med per person, og per båt, når båten må fyllast med rokraft for at ein skal komma dit ein vil? Er det kurant å krysse Nordsjøen i roskip? Korleis fungerer “Gotlands-segl” i rom vind på slike båtar? – og så bortetter. Vi manglar systematisk utprøving av både roframdrift på skip, grensesnittet mellom roskip og seglskip, og “ro-tilpassa” segl på skip som fyrst og fremst er seglskip, men som har stor rokraft.

Ein grunn til at slike forsøk aldri er gjorde, er vel at mennesket er ein makeleg skapning og at vikingskipsforskninga er avhengig av folk som stiller opp av lyst i fritida si, og segling er for dei fleste meir lokkande enn roing. Ein annan grunn er vel at vi gjerne vil at forfedrane våre skal ha vori så teknisk avanserte som råd. Og så er det den grunnen arkeologen Bjørn Myhre peikar på i artikkelen “Roskipet som maktsymbol” frå 1996: Det stolte seglskipet er det fremste symbolet på nordisk kraft og ekspansjon i vikingtida. Dét har hemma utforskinga av roskipet og ro-delen av vikingskipsframdrifta. Men om no sjølv nemninga “viking” stammar frå roskipsalderen – da er det kanskje ei anna sak?

Litteratur

Det er skrivi mykje om etymologien til “viking”. Her viser eg berre til dei vitenskaplege artikkelane mine på <http://eldar-heide.net/> -> Skipsterminologi, råbåt. Nærare opplysningar om dei andre teoriane og om annan litteratur står der eller i verka eg viser til der. John Larsson sitt forslag om roarskifteetymologien må føyast til; det har eg ikkje visst om før nyleg. Det stod i Dagbladet Information 26.01.1998 og kan lesast på <http://www.abc.se/~m10354/publ/vikskift.htm>. Om distanseininga vika, sjå Kulturhistorisk leksikon XIX: 249-50. Bjørn Myhre “Roskipet som maktsymbol”. <http://borreminne.hive.no/aargangene/1996/03-roskipet.htm>

Eldar Heide er postdoktor ved Senter for mellomalderstudiar ved Universitetet i Bergen. Han jobbar med gammalnordisk religions- og kulturhistorie, språkhistorie og gammalnordisk skipsterminologi. Dessutan er han mangeårig medlem av Braute, Arctandria og Bergen kystlag, og råbåtseglar frå midten av 1980-åra. Heimeside med kontaktopplysningar: <http://eldar-heide.com/>.

Stemmer det som blir hevda i denne artikkelen, så var det skip som Nydamskipet som var dei opphavlege “vikingskipa”. Skipet er årringsdatert til 310-20, og det er funni i ei myr i Sønder-Jylland, der det truleg vart lagt ned i 340-50. Biletet viser ein tysk kopi bygd i 1935. (Frå Åkerlund 1963: Nydamskeppen, s. 47. Foto i Schleswig-Holsteinisches Landesmuseum.)

